



Voss herad

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2024-2028



Føremål

- Rusmiddelpolitisk handlingsplan med alkoholpolitiske retningslinjer for Voss herad for perioden 2024-2028.
- Handlingsplanen er ei revidering av planen frå 2022-2024.
- Planen er todelt, del 1 gjev oversikt over det rusfaglege arbeidet og del 2 dei alkoholpolitiske retningslinjer for 2024-2028.
- Løyveperioden for sal og skjenking gjeld inntil fire år, jamfør alkohollova § 1-6. Kommunen kan likevel vedta at sals- og skjenkeløyve ikkje skal opphøyra, men gjelda vidare for ein ny periode på fire år. Det kom ny lovendring i 2016 der formålet var å forenkle saksbehandlinga ved ny 4 årsperiode.
- For at kommunen skal kunna fatta eit slikt vedtak må rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2024-2028 godkjennast av heradsstyret.

Framdrift 2024

Ny rusmiddelpolitisk handlingsplan med alkoholpolitiske retningslinjer.

- Utval for levekår 24.april.
- Utval for kultur og næring 24. april
- Heradsstyret 2 mai.
- Forlenging av sals og skjenkeløyver frå 2024 til 2028
- Utval for levekår 5.juni
- Utval for kultur og næring 5. juni
- Heradsstyret 13.Juni



Førebygging og tidleg innsats.


Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein del av folkehelsearbeidet i Voss herad, med føremål om å førebyggja misbruk og redusera dei negative konsekvensane rusmiddelbruk har for einskildpersonar og for samfunnet.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan er definert som handlingsplan og ligg under kommunedelplan tidleg innsats og livsmeistring





Sal alkohol Voss herad 2010-2023



Figur 1: Vareliter øl, vin og brennevin per person over 15 år i prosent av landsgjennomsnittet. For Voss herad



For salet på Vinmonopolet viser statistikken ein svak auke dei seinare åra i talet på vareliter. Det er ein nedgang i salet av brennevin og sterkevin, medan salet av øl har auka og spesielt alkoholfritt som øl,vin,cider har auka kraftig dei siste åra.

Tabell 2: Salstal Vinmonopolet på Voss fordelt på varetype

| | Sal i liter | Brennevin | Sterkvin | Svakvin | Øl | Alkoholfritt |
|-----------------------|-------------|-----------|----------|---------|--------|--------------|
| 2010 | 307 000 | 56 064 | 2 319 | 243 606 | 4 990 | 461 |
| 2011 | 308 000 | 55 432 | 1 968 | 244 661 | 5 649 | 607 |
| 2012 | 325 000 | 56 612 | 2 008 | 258 766 | 7 031 | 635 |
| 2013 | 320 000 | 53 573 | 1 860 | 254 504 | 8 762 | 893 |
| 2014 | 321 000 | 50 198 | 1 830 | 258 293 | 9 854 | 992 |
| 2015 | 313 000 | 48 130 | 1 696 | 252 853 | 9 348 | 1 222 |
| 2016 | 314 845 | 48 398 | 1 479 | 254 055 | 9 630 | 1 284 |
| 2017 | 306 739 | 45 799 | 1 413 | 248 153 | 9 911 | 1 462 |
| 2018 | 316 392 | 46 532 | 1 492 | 255 991 | 10 483 | 1 895 |
| 2019 | 316 542 | 45 232 | 1 470 | 256 773 | 10 997 | 2 068 |
| 2020 | 395 476 | 53 629 | 1 812 | 324 246 | 13 362 | 2 427 |
| 2021 | 410 518 | 56 557 | 1 784 | 335 655 | 13 771 | 2 751 |
| 2022 | 338 451 | 48 484 | 1 465 | 274 716 | 11 011 | 2 776 |
| 2023 | 357 071 | 49 534 | 1 714 | 289 381 | 12 695 | 3 747 |
| Endring 2010-2023 i % | | 16 | -12 | -26 | 19 | 154 |
| | | | | | 713 | |



Foreldre viktige i høve ungdoms alkohol bruk



***Regjeringa vedtok 1.juli 2022 at alle kommunane i landet
skal ha ei rådgjevande eining for rus-saker.***

Rådgjevande eining kallar skriftleg inn vedkommande som har fått pålegg frå politiet om samtale og/eller testing. Om ynskjeleg kan eininga tilby helsehjelp og individretta oppfylging vidare.
Avdelinga samarbeider etter eigne retningslinjer for samtale/rådgjeving og rusmiddeltesting med Politiet på Voss.

Enhetene skal ta imot personer som ileses oppmøteplikt for enheten som vilkår for betinget påtaleunnlatelse i saker som handler om bruk og besittelse av narkotika.
Avdelinga Psykisk helse og rusarbeid administrere ordninga .

Endringar i alkoholpolitiske retningsliner 2024-2028

Det er gjort små endringar i dei nye retningslinjene i forhold til alkoholpolitiske retningslinjene som vart vedtatt i mai 2022.

- Under retningslinjer for sal av øl og anna alkoholhaldig drikk er det kome med eit nytt punkt om utvida salsløyve med høve til tilverking i eige verksemd, opp til og med 22%. Begrepet gards sal vert ofte nytta.
- Det er no moglegheit for å etablere eige vaktselskap i verksemda etter at det er gjennomgått kurs med eksamen hjå politiet. Samtidig er det åpna for at ein ved spesielle høve lågsesong eller rolege periodar kan søkja om fritak eller nedskalering av vakttenesta.

- Under punkt 4.3 er det lagt til. Søknad om nytt Skjenkeløyve i bustadområde skal vurderast særskilt
- Under punkt 4.3.6 Skjenketider er det foreslått samme skjenketider som vart vedtatt i mai 2022 med unntak av eit punkt som går på ro og orden. Det er foreslått nytt vilkår for løyve - slutt på musikk/dj på uteservering kl 23.00 i sentrum, skjenking som før til 0100. Dette er i samsvar med høyringsuttalelser frå Politiet.